



Lindås kommune
Rådhuset
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
24.06.2003	
AREAL OG MILJØAVDELINGA	
Arkivkode	137/168
26 SEPT. 2003	
Ark. saknr.	02/1387
Løp.nr.	15569/03
Saksl.	KBj
Grad.	

Lindås kommune gnr 137/bnr 168. Rammeløyve for mur, naust, kai og flytebryggje. Tiltakshavar: Per G Litleskare Klagar: Truls Thorgersen

Fylkesmannen viser til ekspedisjon frå Lindås kommune motteke 25.06.03.

Lindås kommune gav tiltakshavar løyve til å starte opparbeiding av tomt med tilkomstveg og støttemur mot sjøen. Det vart utført meir omfattande arbeid enn det var gjeve løyve til, m.a. vart muren bygt høgare. Arbeidet vart stoppa og det vart kravd søknad om rammeløyve for heile byggjeprosjektet. Søknaden som kom inn gjaldt to bustader, flytebryggje, kai og naust, kommunen var ikkje fornøgd med søknadsmateriellet. Tiltakshavar bad om at deler av søknaden vart handsama og kommunen godkjende 24.04.03 del søknaden som gjaldt to naust, kai og flytebryggje og muren slik han står.

Nabo, Truls Thorgersen klaga på vedtaket ved brev av 15.05.03, han peikar i hovudsak på at muren er for høg og at den er skjemmande.

Saka vart handsama av Formannskapet ved avgjerd av 05.06.03, vedtaket av 15.04.03 vart oppretthaldt og klaga vart såleis ikkje tatt til følgje.

Saka vart etter dette sendt fylkesmannen for handsaming.

Fylkesmannen sine merknader:

Departementet si mynde til å treffe vedtak i klagesaker etter plan- og bygningsloven § 15 er i medhald av same lov § 13 delegert til fylkesmannen ved vedtak av 01.07.86, jf Rundskriv T-8/86 frå Kommunal- og arbeidsdepartementet/Miljøverndepartementet.

Det er i føreliggjande sak søkt om løyve til å oppføre to naust, flytebryggje og kai.

Tomten inngår i kommunedelplan for Knarvik-Isdal-Alver, vedteke 22.03.01. Området var i kommuneplanen som var gjeldande då saka starta sett av til bustadbygging. I no gjeldande kommunedelplan er området og sett av til bustadbygging.

Klagar seier i skriv av 15.05.03 at det er bygt ein altfor høg og skjemmande mur som ikkje er tilpassa tomte si naturlege topografi. Han er usamd i at kommunen har godkjend ein del søknad, han meiner at saka bør handsamast i ein heilskap. Han seier vidare at "Vår klage datert 30/7-02 gikk på flere forhold, totalt 13 punkter. Det ble nedlagt et større

arbeid fra naboer og meg selv i å utarbeide og dokumentere dette. Jeg finner det da bare rimelig at kommunen tar seg tid til å svare på hvert enkelt punkt i klagen.”

Kommunen har i sitt vedtak av 05.06.03 gått inn på det enkelte av punkta i nemnde skriv frå klagar.

Klagar peikar m.a. på at kommunen ikkje skulle ha tillate at byggjesøknaden vart handsama i to trinn av kommunen, søknaden skulle vore godkjend som ein heilskap. Fylkesmannen vil her kort fastslå at det ikkje er ein sakshandsamingsfeil at kommunen har handsama den eine delen av søknaden i denne omgang.

Fylkesmannen skal i det følgjande vurdere dei punkta i klagen som gjeld utforminga av nausta og muren. Saka må vurderast etter pbl § 74 nr. 2.

Det følgjer av pbl § 74 nr. 2 at ”Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredsstillar rimelige skjønnehensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret.”

Skjønnnet må så langt som mulig gjerast objektivt og i eit slikt skjønn vil forhold som arkitektonisk stilart, andre gjennomførte byggetekniske trekk, omkringinggjande bygningar, terrengforhold og lignende tilleggast vekt. Det følgjer av Kommunal- og arbeidsdepartementet og Miljøverndepartementets rundskriv H-7/97 side 13-14 at kommunen skal vurdere om tiltaket tilfredsstillar rimelege skjønnehensyn både i seg sjølv og i forhold til omgivnadene. Tiltaket skal harmonere med bygde og naturgitte omgivnader.

På bakgrunn av nemnde forhold vil praktiseringa av bestemminga kunne variere noe. Skjønnsutøvinga må ikkje praktiserast så strengt at det ikkje blir rom for variasjonar og nye løysingar som skal dekkje nye behov.

Det følgjer av dette at tiltaket må vurderast i forhold til naturgitte omgivnader og omkringinggjande bygningar.

Kommunen skriv i sitt vedtak at etter kvart som dei andre elementa i utbygginga kjem på plass, vil ikkje muren lenger vera så dominerande i biletet. I vidare prosjektering må det leggast vinn på å dempa verknaden av muren med god estetisk utforming av anlegg og bygningar framfor muren.

Fylkesmannen er samd med klagar i at muren i seg sjølv er dominerande og ikkje har ein særleg god estetisk utforming. Det er imidlertid på det reine at kommunen i sitt vedtak har uttrykt at ein må leggje vinn på å få ein god estetisk utforming av anlegg og bygningar framfor muren for å dempa verknadene av muren. Dessutan vil muren verte mindre dominerande etterkvart som dei øvrige elementa kjem på plass. Fylkesmannen er samd med kommunen i denne vurderinga, ein må sjå desse byggearbeida, dvs mur, naust og kai som ein heilskap i denne samanhengen.

På bakgrunn av synfaring, kart, teikningar og bildar frå staden vil fylkesmannen slutte seg til kommunens vurderingar og konklusjon. Fylkesmannen kan ikkje sjå at omsøkte tiltak i seg sjølv ikkje oppfyller krav til estetikk i den grad at tiltaket ikkje kan godkjennast. Etter ein konkret vurdering finn fylkesmannen ikkje at tiltaket kommer i strid med pbl § 74 nr. 2.

Fylkesmannen har med dette vurdert tilhøva i saka, herunder klagarens merknader og har ikkje grunnlag for å gå imot kommunens skjønn og rettsanvendelse.

Fylkesmannen stadfester etter dette vedtak av 24.04.03. Klagen har etter dette ikkje ført frem.

Fylkesmannens vedtak er fatta i medhald av pbl § 15. Vedtaket kan ikkje påklagast vidare.

Saksdokumentata følgjer vedlagt i retur.

Med helsing



Ståle Øvrebø
rådgjevar



Hilde Ordemann
rådgjevar

Vedlegg

Kopi:

Truls Thorgersen, Lønborglien 286, 5039 Bergen
Per Gunnar Litleskare, 5914 Isdalstø